

Helge Henanger
Øvre Sagstad 110
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13514 - 21/60501

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
14.09.2021

Vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr. 324/5 Langeland

Administrativt vedtak: Saknr: 956/21

Byggjestad: Gbnr: / Langeland
Tiltakshavar: Helge Henganger
Tiltak: Ulovlege jordpåfylling og planering av landbruksareal

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2 jf. § 20-1 fyrste ledd krev kommunen at det ulovlege tilfellet blir retta opp i. Vi viser til tidlegare frist i brev med førehandsvarsel av 23.04.2021 der frist for innsending av søknad for delfelt 4 og 5 var satt til 01.09.2021. Ny frist for retting er i vedtaket satt til 31.10.2021.

Retting kan skje på følgjande måter:

Alternativ 1

Etterkome oppmodinga du fekk i brev av 02.04.2019 om å sende inn søknad om tiltak på arbeidet som vart utført utan løyve, jf. pbl. kapittel 20. Frist for å søkje var **23.08.2021. Ny frist 31.10.2021.**

Alternativ nr. 2

Terrenget i delfelt 4 og 5 må tilbakeførast til opprinneleg tilstand, dvs. fjerning av tilkjørde massar, og seinast innan **31.10.2021.**

1. Rettinga må skje skånsomt for ikkje å øydelegge terrenget i området.
2. Alver kommune skal underrettast skriftleg med bilete av utført retting når arbeidet er gjort.

Med heimel i pbl. § 32-5 jf. § 32-3 fyrste ledd vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK 20 000 og ei dagmulkt stor NOK 400 pr. dag dersom søknad ikkje vert motteken eller området ikkje vert rydda omgåande, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 31.10.2021. Tvangsmulkta vil løpe i frå 01.11.2021.

Det vert ikkje gjeve fleire fristar.

Saksutgreiing

Arbeidet med jordpåfylling og planering på gbnr 324/5 i dåverande Meland kommune vart delt inn i delfelt 1,2,3,4 og 5. Det var kun søkt om og gitt løyve til delfelt 2 og 3, sjå sak nr. 14/4548, datert 10.04.2015, i Meland kommune. Frist for gjennomføring av arbeidet var satt til **01.10.2015**. Det vart gitt utsatt frist i brev av 21.01.2016, i sak nr. 14/4548. Løyvet gjekk ut i **2016**, men du fortsatte arbeidet med areala og tilførte nye massar fleire stadar på delfelt 4 og 5 på eigedommen, inntil vi mottok e-posten frå deg om at arbeidet var blitt stoppa den 11.08.2020.

I mellomtida hadde Meland kommune purra på svar for framdriftsplan og situasjon, men fekk ingen tilbakemelding frå deg. Viser til skriv av 01.06.2018 og til skriv med ytterlegare purring av 23.07.2018.

Sak nr 14/4548 vart i 2019 fulgt opp i sak nr 19/588 med orientering om at kommunen har plikt til å følgje opp ulovlegheitstilfeller og brot på føresegnene gitt i plan- og bygningslova, og med krav om søknad med ansvarleg føretak. Kommunen hadde på den tida registrert at du hadde planert og fylt på med jordmassar ut over gitt løyve. Arbeidet som var blitt gjort både i delfelt 2 og 3 og i delfelt 4 og 5 var såleis ulovleg.

Det vart i brevet av 02.04.2019 gjeven oppmoding om å sende inn søknad om tiltak på det arbeidet som vart gjort utan løyve, jf. plan- og bygningslova (pbl.) kapittel 20. Det var vidare i brevet satt krav om at, på grunn av storleiken på tiltaket, ville det bli satt krav om at eit ansvarleg føretak med ansvarsrettar etter plan- og bygningslova kapittel 20 skulle stå føre søknad, prosjektering og utføring av arbeidet.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilfelle i strid med plan- og bygningslova.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

Dersom kommunen **innan 31.10.2021** ikkje har fått ei skriftleg tilbakemelding og bilete dokumentasjon frå deg med opplysningar om at retting er gjennomført, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndravast utan opphald av Alver kommune, jf. pbl. § 32-5 andre ledd.

Tilbakemelding

Når rydding er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved bilete dokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk

- Plikt til å søkje om tiltaket går fram av plan- og bygningslova § 20-2 jf. § 20-1, fyrste ledd, bokstav k.
- Kommunen si plikt til å følgje opp ulovlege tilstander følgjer av plan- og bygningslova kapittel 32.
- Vår rett til å gje pålegg følgjer av plan- og bygningslova § 32-3 fyrste ledd.
- Vår rett til å vedta tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Vi har rett til å tinglyse pålegget etter plan- og bygningslova § 32-3 fjerde ledd.
- Vi kan gje førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6.
- Vi kan gje lovbrotsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 fyrste ledd.
- Vi kan politianmelde forholdet etter plan- og bygningslova § 32-9.
- Din rett til å klage på vedtaket følgjer av forvaltningslova § 28.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **sak nr.: 20/13514**

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helge Henanger

Øvre Sagstad 110

5919 FREKHAUG